

NSB Persontog
v/ konserndirektør Stein Nilsen
Prinsensgt. 7-9
0048 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200803852-4/841/HEGG

Dykkar ref.:

Bergen, 25. mai 2009

Status for takstharmonisering for tog og buss

Viser til fleire møter og samtalar mellom NSB og Hordaland fylkeskommune der samordning av billettakstar for tog og buss har vore tema, seinast i møte 11. november 2008 på fylkeshuset. Her møtte fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg, fylkesvaraordførar Tom-Christer Nilsen, fylkesrådmann Paul M. Nilsen og samferdslesjef Magnus Vestrheim med konserndirektør for NSB Persontog Stein Nilsen og regionsjef Harald Skaarnes. På dette møtet vart det forutan takstharmonisering også diskutert nye billetteringssystem og korrespondanse mellom tog, buss og båt.

Enhetstaksten i Bergen kommune er no 24 kroner, og det er viktig at pendlarar og andre passasjerar på togstrekka Arna-Bergen sentrum kan betala det same som busspassasjerar. Dagleg er det om lag 7 500 passasjerar på strekkja Arna-Bergen, som betalar 33 kroner. Dette er ei viktig lokal strekning, og ikkje minst viktig for omegnskommunane til Bergen også. Det syner togstatistikken for NSB Lokaltog Bergen-Voss-Myrdal som hadde 3 prosent fleire kundar i 2008 ved tellepunkt Bergen samanlikna med 2007. 1 405 000 passasjerar nytta NSB Lokaltog mellom Bergen og Myrdal i 2008. Dette avhjelper biltrafikken og parkeringsproblematikken i Bergen sentrum.

Saka og krava frå Hordaland fylkeskommune bør difor vere vel kjend for NSB, som har lova å gå vidare med saka. Hordaland fylkesutval etterlyser noverande status for dette arbeidet.

Vi ser fram til dykkar svar.

Med helsing

Torill Selsvold Nyborg